

Til

Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune v/ leiar.

**SKRIFTLIGE SPØRSMÅL TIL MØTET DEN 28.APRIL OM STATKRAFT OG KRAFTVERKSTRAPPENE K1 I HØYANGER.**

På sist møte i Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke den 25.mars vart det handsama ei sak om tilskot til eit forprosjekt «K1 Høyanger – ein spektakulær attraksjon i hjartet av Norge».

Utvalet gjorde eit samrøystes vedtak om å løyve kr. 250.000 frå fylket til Høyanger Næringsutvikling AS som delfinansiering av prosjektet. Desse midlane er henta frå Riksantikvaren sitt verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet.

Få dagar etter kunne Ytre Sogn Avis og deretter NRK Vestland melde at eigaren av det gamle kraftanlegget K1 i Høyanger, Statkraft, hadde bestemt seg for å stenge og deretter rive desse trappene. Dette vedtaket var ifylgje kraftverksjefen i Statkraft i Sogn grunngjeve både med HMS-omsyn og at det låg utanfor Statkraft sitt ansvar å ta vare på dette kulturminnet.

Dette vedtaket i Statkraft har skapt sterke reaksjonar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Statkraft har tidlegare gjort likande vedtak om å rive trallebanar og trapper i andre eldre kraftanlegg, t.d. i Tyssedal, Ålvik og Glomfjord - krafthistoriske kulturminner som har vore til stor glede for lokalbefolkninga og tilreisane.

På denne bakgrunnen vil eg gjerne reise fylgjande spørsmål i utvalsmøtet 28.april:

1. Kva ansvar har Statkraft som statleg kraftselskap og eigar av desse trappene langs røyrgata for å halde dei vedlike som ein viktig del av krafthistoria og ein viktig del av samfunnsansvaret i kraft- og industrisamfunnet Høyanger?
2. Kva kan og kva vil Vestland fylkeskommune gjere for å sikre at desse trappene blir tatt vare på til glede og nytte for både lokalbefolkninga i Høyanger og storsamfunnet

Odda, den 25.april 2021

Terje Kollbotn, utvalsmedlem frå partiet Raudt